



Advokatfirmaet Tjelflaat & Samdal As
Statsminister Michelsensvei 38
5230 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4517 - 18/5001

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.02.2018

Orientering om saka gbnr 137/564 Alver

Vi viser til vårt brev datert 23.01.18 og påfølgjande dialog.

Vi har drøfta saka dykkar i felles forvaltningsmøte med Teknisk drift vegavdeling og vatn- og avlaupsavdeling.

Tiltak som må gjennomførast er å etablere frisikt sone i avkøyrsløse for dykkar eigedom og redusere mur i dykkar grense mot gbnr. 137/565, slik at også denne eigedommen får tilfredsstillande frisikt i si avkøyrsløse.

Vegen inn i området har ei 30km/t sone. Vegavdelinga i Lindås kommunen aksepterer frisiktsone på 3x20m som eit minimum. Hindringar i siktsona skal ikkje overstige 0,5m.

Vi gjer merksam på at vegavdelinga i Lindås kommune ikkje godtek trafikkspjegl/sladrespegl som tiltak for å betre sikt. Bakgrunnen for dette er at slike spegl lett kan komme ut av stilling og gi feil bilete.

Med omsyn til avstand til offentleg leidningsnett så må det dokumenterast at mur er forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalt leidningsnett, det er pårekeleg at det vert akseptert ein minste avstand mellom ytterkant mur og kommunalt leidningsnett på minimum 2 meter.

Eigedom gbnr. 137/565 har retta opp i tilhøva på sin eigedom knytt til eigen avkøyrsløse og mur i avkøyrsløse til eigedom gbnr. 137/566.

Eigedom gbnr. 137/563 er i prosess for å utarbeide søknad om løyve til tiltak.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

nabo og gjenboliste for gbnr 137_564

Kopi til:

Advokatfirmaet Tjelflaat & Samdal AS	Statsminister Michelsensvei 38	5230	PARADIS
Tove og Frode Eide	Ikenbergen 23	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Advokatfirmaet Tjelflaat & Samdal As	Statsminister Michelsensvei 38	5230	PARADIS
---	-----------------------------------	------	---------